



Høyringsvar frå Norsk Målungdom til Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Norsk Målungdom (NMU) organiserer ungdom frå heile Noreg i arbeidet for at alle skal ha høve og rett til å skrive nynorsk, og for å fremje nynorsk, dialektbruk og språkleg mangfald på alle samfunnsområde. Vi er glade for høvet til å komme med innspel til høyringa om retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk.

Norsk Målungdom meiner at retningslinjene set opp gode retningar for normeringa, men har innspel til delar av innhaldet. NMU stiller seg bak at sjølvstendeprinsippet og stabilitetsprinsippet står øvst i hierarkiet for normering av bokmål og nynorsk. Likevel opplever vi at retningslinjene ikkje tar innover seg den store påverknaden bokmålet har på nynorsken. Som mindretalsspråket vert nynorsk heile vegen påverka av bokmålet. Ein må difor jobbe aktivt med at den skriftlege praksisen og utviklinga av det nynorske språket ikkje kjem med bakgrunn frå bokmål.

Vi er positive til at retningslinjene no også vil ta for seg eit vidare tekstspekter. Digitale tekstar utgjør mykje av tekstproduksjonen i 2021, og normeringa bør også ha grunnlag i dette. I framlegget står det at det må vere ein føresetnad at tekstane har vore gjennom ei viss redigering og kvalitetssikring. Ved omsyn til robotomsette tekstar, bør det vere sett til at det er gjort vurderingar rundt normval. For å hindre at robottekstar gjer store utslag på normbruken, som går mot anna bruk.

Retningslinjene tek sjølv opp utfordringa med at det er stort behov for nye korpusressursar for nynorsk. For normering av nynorsk bør bruksprinsippet ikkje telje like mykje når desse ressursane ikkje er på plass, eller ikkje fyller krava om god sjangerspreiing og regional spreining og som både speglar dagens språk og går nokre tiår tilbake i tid.

NMU ser talemålsprinsippet som ein sentral del av normeringa av nynorsk. Opphavet til det nynorske skriftspråket ligg i mangfaldet av norske dialekter. Nynorsken skal ikkje vere lydrett slik ein snakkar, men eit lettlært og følgjerett system av det rike dialektmangfaldet. Ein må på det vis finne dei samlande draga i talemålet, og vege det tungt i normeringa.

Normering av importord

Norsk Målungdom meiner at ord som vert mykje brukt i norsk, skal kunne ha norsk skrivemåte. Pedagogisk og ideologisk vil det kunne løne seg å bruke norvagisert stavemåte. Det er lettare å lære seg å skrive, og dessutan vite korleis ein skal uttale det. Men vi vil også at dette norvagiserte ordfanget vert utvida, slik at ord som ingeniør, generell og geni skal få valfri skrivemåte insjenior, sjenerell og sjeni, som det var i 1917-rettskrivinga. Det bør vere eit generelt mål om at ord som er mykje brukt i norsk, skal kunne skrivast på norsk vis. Sjølv om den norvagiserte forma ikkje vert teken like mykje i bruk, også etter 25 år. Det bør alltid vere mogleg å velje ei norvagisert form.





Det er viktig at Språkrådet er rakst på bana når vi lånar eller importerer ord frå andre språk, og vedtek norsk skrivemåte. Dette vil bidrage til at det er den norske skrivemåten som får rot i språket. Samstundes må vi sikre at det er samanheng mellom formene, også mellom dei skrivemåtane som har vore lenge i språket.

Beste helsing
Norsk Målungdom

Frida Pernille Mikkelsen, leiar

